

Kva nå, Imsland?

Høyringsuttale til kommuneplan frå Imsland Grendautval

Denne uttalen skal ikkje handle om det som har vore, men det som skal komme. Likevel er det nødvendig å ta med seg det som ligg bak oss for å forstå det me ønskjer oss for framtida. Og sjølv om denne høyringa strengt tatt dreier seg om arealdelen til kommuneplanen, er det mykje som treng å bli sagt, og ikkje nødvendigvis nokon god stad å seie det. Difor kjem det her.

Det me mistar

Vedtaket om skulenedlegginga kom ikkje som noko stor overrasking. Det har vore eit spøkelse som har vandra blant oss i årevis og skapa usikkerheit og uro. Det tar på å stadig mobilisere og måtte kjempe for det andre kan ta som gitt.

Mange såg kva veg det bar. Likevel vart det opplevd som skittent spel å først bruke så mykje tid og krefter, både våre og kommunale, på å lage ein skulebruksplan, for så å raskt legge den til sides ved neste korsveg.

Me mistar skulen og barnehagen vår. Og i det mistar me noko mykje viktigare: tilhøyrsløse og tid. Skulen og barnehagen har vore ein heilt sentral møtestad i bygda. Der har ungane blitt kjent og knytt band seg i mellom, der har me vaksne prata saman og lært kvarandre å kjenna. Der har me lagt grunnlaget for vennskap, naboskap og for kjensla av å høyre til i Imsland.

Å miste skulen og barnehagen vår gjer at me mistar eigarskap til enda meir av tida vår i ein allereie hektisk kvardag. Arbeidsmarknaden vår blir redusert, særleg for dei med ungar i barnehagen, for ein må legge inn den ekstra tida det tar å hente ungane i Vikedal. Fritida vår skrumpar inn frå alle kantar, fordi meir vil skje lenger vekk.

Dette vedtaket har ein kostnad for kvar og ein av oss, og me oppmodar kommunen om å gjere det den kan for å kompensere for noko av tapet.


Bustadareal

For at ei bygd skal kunne vekse, må det vera mogleg å finne seg ein stad å bu. I Imsland er det i dag to byggemodna tomter. Desse er til gjengjeld så lite attraktive, at dei har stått ubygde sidan byggefeltet vart regulert i 1990.


Det er i hovudsak to årsaker til at nokon vel å busetje seg i Imsland: Tilhøyrsløse til staden eller draumen om det gode liv på landet. Ingen av desse motivasjonane blir i særleg grad støtta av bustadfelt. Her meiner me at det viktigaste kommunen kan gjere, er å vere løysingsorientert og gi hjelp til dei som ønskjer å få til ei tomt knytt til sin heimgard, og å legge til rette for bustadtomter som er betydeleg større enn det ein kan rekne med å få aksept for andre stader.

Me ønskjer sjølvsagt å ta vare på mest mogleg av drivverdig jord i bygda vår, men realiteten er at både bruk og teigar i mange tilfelle blir for små. Og skal jorda som er drivverdig drivast, må det vere attraktivt for folk å bu her.


Det finst regulert bustadareal i Imsland, men dei er ikkje byggemodna, noko som gjer prosessen for enkeltpersonar som ønskjer å bygge urimeleg kostnadskevjannde og tungrodd. Her oppmodar me kommunen å legge byggemodning av feltet inn i sine økonomiplanar



I forslaget til kommuneplanen er det foreslått å ta ut bustadområdet over byggefeltet og legge det tilbake til LNF-område. Grendautvalet ser at dette ikkje er det beste arealet med tanke på utbygging, og har ikkje noko kommentar til dette.



I kommuneplan og reguleringsplan for Ølmedal er det sett av eit område i byggefeltet til offentleg verksemd der som det var kommunale bustadar. Nå er 4 av 6 bustadar selde til private, og det er ingen kommunal tenesteyting der som tilseier at området skal vere raudfarga i kartet. Dette bør endrast til gult.




I kommuneplanen er bustadområdet mot Imslandssjøen foreslått redusert og endra til Husklyngje. Grendautvalet forstår det slik at dette vil lette prosessen for nokon som vil bygge, å støttar difor denne endringa. Men storleiken på området er kraftig redusert frå gjeldande kommuneplan, og Grendautvalet vil oppmode til at storleiken blir auka så langt formålet «Husklyngje» tillét.



Ettersom motivasjonen for å flytte til Imsland ofte er knytt til eit ønskje om å busette seg på heimegarden, er det viktig for Grendautvalet at det at Husklyngje-områda eksisterer, ikkje blir brukt som motargument for at ein skal kunne finne løysingar andre stader i bygda.

I tillegg ønskjer Grendautvalet å legge fram forslag til eit nytt område til Husklyngje i forlenginga av eksisterande bustadfelt. Denne plasseringa vil lette arbeidet med å føre fram vatn og avløp. Arronderinga må ta omsyn til vidare drift av ekra som arealet kjem frå. Eit bustadområde her kan også bidra til å få flytta ei farleg utkørsle vekk frå Fv.46.



I Kvaløy er det område sett av til LNF2, spredt bebyggelse, noko som gjer ein prosess med å få utskilt ei tomt noko enklare enn om området er sett av til LNF. Her oppmodar Grendautvalet både kommunen og bygdefolket til å sjå om det er fleire områder i bygda som kan setjast av til LNF2.




Småbruk er det mest populære søket på finn.no. I Imsland finst det mange bruk som etter kvart vil bli tilgjengelege for potensielle kjøparar. Men desse skifta tar lang tid. Her spelar både kommunen sin politikk om at alle skal bu lengst mogleg heima, og mangelen på alternative bustadar (med livsløpsstandard) i Imsland, inn. Særleg der det ikkje er noko naturleg generasjonsskifte innan familien.

Er ein komme dit i livet at ein ikkje lenger vil eller har helse til å drive bruket sitt, er det ikkje noko alternativ stad å flytte til i bygda. På same måte, dersom ein ønskjer å prøve ut å bu i lmsland, utan den enorme økonomiske forpliktelsen det er å bygge eit hus her, er det få alternativ.

Denne mangelen på «overgangsbustadar» er noko me ønskjer å utfordre kommunen på. Her kan ein kaste eit blick til Suldal kommune, som byggjer bustadar i bygder med søkkande innbyggjartal slik at folk som har fått seg arbeid i kommunen kan få leige ein slik bustad i inntil tre år. Det finst til og med pengar sett av til denne type føremål i kommunebudsjettet, ref. kommunalsjef Brekke si orientering i formannskapsmøtet 18.03.25.

Næringsareal

I forslaget til kommuneplan har me kun sett at det er gjort mindre justeringar på næringsareal, og at den største endringa er i tråd med grunneigar sine ønskje. Grendautvalet har ikkje kommentarar til dette.



Skulen og skuleområdet

Kva slags eigar av grunn og bygg vil kommunen nå vere? Sjølv med skulen og barnehagen i drift har vedlikehaldet vore på eit minimum. Korleis vil det bli når bygget blir ståande tomt?


Det er viktig for Grendautvalet at bygget ikkje blir ståande å forfalle. Det vil vere eit tryggleiksproblem, og vil forringe inntrykket av bygda sterkt.

Skuleområdet med leikeapparat er eit fantastisk område som er mykje i bruk av både bygdefolk og besøkande, heile dagane og heile året. Her ligg uendeleg mange dugnadstimar bak, og FAU har brukt mykje av sine pengar på å skaffe utstyr til området.

Korleis tenker kommunen å ivareta tryggleiken til dei som nyttar leikeapparata? Nå har skule- og barnehagetilsette jamleg kontroll av utstyret og kommunaltekniske tenester syter for sakkyndig inspeksjon og naudsynte reparasjonar. Korleis vil dette nå bli ivaretatt framover?

Arealet er i kommunal eige og er regulert til kommunal tenesteyting både i eigen reguleringsplan og i kommuneplanen. Etterbruk av området er viktig for bygda, og her er mange meiningar. Ein ting er me alle samde om. Det kan ikkje bli ståande til forfall.

I tidlegare salsprosessar for kommunale bygg og eigedomar har dette med «feil» reguleringsføre mål ført til langvarig og kostnadskrevjande opprydding for både kommunen og kjøpar. Grendautvalet meiner difor at kommunen må vere sitt ansvar bevisst og syte for at arealføre mål blir endra.



Her foreslår Grendautvalet at området blir sett av til Sentrumsføre mål, for å kunne gi rom for anten bustadutvikling og/eller forretningsverksemd på området. Kanskje kan kommunen nytte nettopp skulebygget og/eller skuletomta til å få til «overgangsbustadar» i bygda?

Ved fleire høve er gamle skulebygg gitt bort eller selt for ein symbolsk sum, gjerne til grendelag eller andre frivillige organisasjonar. Vår meining er at me må samla våre dugnadskrefter rundt Bygdahuset, ikkje spreie våre avgrensa krefter og ressursar på eit bygg som er sett opp til heilt andre føremål. Det er også viktig for Grendautvalet at kommunen er ein ansvarleg seljar, og ikkje fører bygget og eigedomen vidare til noko som ikkje er liv laga, med det resultat at bygg og område endar opp til forfall berre med eit anna namn på skøyte.

Som eit ledd i arbeidet med å konsentrere innsatsen om Bygdahuset, vil me leggje fram forslaget om at kommunen flyttar leikeplassen opp til nedsida av Bygdahuset. Det vil gi eit konsentrert og attraktivt område som me kan nytte både i kvardagen, til arrangement og i samband med andre arrangement på Bygdahuset. Det vil styrke Bygdahuset som møteplass samstundes som det vil frigi eit større og meir attraktivt område som kommunen kan selje.



Her er det motstridande meiningar i bygda, for skuleområdet ligg så fint til ved vatnet og er opparbeida med så mange fine krokas. I ei ideell verd kunne det vore freistande å få flytta Bygdahuset ned der skulen står i dag. Diverre er ikkje det noko som praktisk og økonomisk let seg gjere.

Skuleplassen har ei god blanding av nye og gamle installasjonar. Noko lever på lånt tid og burde vore skifta ut for lenge sidan. For eksempel dekket i ballbinga og det blå leikeapparatet. Utstyret er også spreidd rundt på heile tomta, med ein stadig meir overgrodd grusbane som senter. Dette gir tungvint vedlikehald, og dårleg arealutnytting.

Det er berre ein leikeplass i heile lmsland, og det er den ved skulen. I byggefeltet er det regulert areal til leikeplass, men denne er aldri blitt opparbeida. I kommuneplanen sine føresegner står

det fleire krav til storleik og innhald til leikeplassar/aktivitetsflate ut frå kor mange bustadar området skal støtte. Her meiner me at kommunen må syte for at bygda har ein leike- og aktivitetsplass for framtida, og at den vert sett til og halde ved like på same måte som leikeplassane ved skular og barnehagar i kommunen elles.

Vikedal og Imsland skule

Dei tilsette ved Imsland skule og barnehage har følgt oss og ungane våre gjennom mange år, og med så små forhold kjem ein tett og nært på kvarandre. Me ønskjer å seie at me set pris på jobben dei har gjort og det dei har betydd for bygda. Særleg ønskjer me å rose dei for arbeidet dei har gjort med å bruke bygda i undervisninga. Elevane har vore på mange turar i bygda og blitt godt kjent med heimbygda si. Dei har fått besøke verksemdene i bygda, og fleire av innbyggjarane har fått komme inn i undervisninga og delt sine historier og sin kunnskap med elevane.

For Grendautvalet er det viktig at bygda Imsland, med si historie, sitt næringsliv og sine mange flotte stader, ikkje forsvinn frå skulekvardagen med flyttinga av elevane. Me vil difor oppmode skulen i Vikedal og personalet der om å ta med seg det som finst i Imsland i sitt undervisningsopplegg på same måte som ein bruker bygda Vikedal. Med dette kan me kanskje med tida oppnå at avstanden vert opplevd som lik frå Vikedal til Imsland som frå Imsland til Vikedal.

Det er ei bekymring at ungane våre blir som gjester på det som nå skal bli vår eigen skule. Kanskje kan ei enkel namneendring vere eit ledd i å forhindre det. Kva om elevane frå hausten av skal gå på Vikedal og Imsland skule? Eller Indre Vindafjord barne- og ungdomsskule?

Ei anna bekymring me ber på, er klokkeslettet for skulestart. Det seier seg sjølv at ein 5,5-åring frå Imsland som må stå klar til å ta bussen før ein 5,5-åring frå Vikedal treng å stå opp, vil ha ein annan føresetnad for læring. Skulenedlegginga i Imsland endrar i utgangspunktet ikkje på busstidene, eller tidspunktet for skulestart, men når ein nå uansett må sjå på skuleskyssordninga på nytt, kan det vera eit høve til å tenke nytt rundt dette også. Særleg for ungdom har seinare skulestart vist å gi meir søvn og færre psykiske vanskar.

Bygdahuset

Bygdahuset er samlingsstaden vår, og utan skulen som møteplass, blir det enda viktigare å styrke denne funksjonen.

Kommunen har i dag ein leigeavtale med Bygdahuset som betaler for bruk av Bygdahuset som gymsal i undervisninga. I andre bygder nyttar bygdefolket gymsalen kostnadsfritt på fritida. Ettersom Imsland skule ikkje har noko eigen gymsal å tilby bygdefolket, betaler kommunen også Bygdahuset leige for at bygdefolket fritt kan nytte salen til ikkje-kommersiell aktivitet.

Denne leigeavtalen er berebjelken i økonomien til Bygdahuset. Kommunen har vedteke å ta frå oss ein heilt sentral møteplass i bygda. Det kan ikkje understrekast nok kor viktig det er at de ikkje i dragsuget endar opp med å ta frå oss ein møteplass til.

Grendautvalet vil sende ei sterk oppmoding til kommunen om å inngå ein avtale med Bygdahuset som gir føreseielegheit og tryggleik for vidare drift av Bygdahuset.

Arealet rundt Bygdahuset gir moglegheiter for vidare utvikling av Bygdahuset som møteplass. I dag går det ein kommunal veg forbi rett utanfor Bygdahuset. Her ser me for oss ei framtidig endring der vegarealet og haugen mellom kommunal veg og Fv46 kan nyttast til å utvide arealet i framkant av Bygdahuset, dels for å erstatte p-arealet omdisponert til leikeareal, dels for å gi rom til vidareutvikling av arealet.



Imslandssjøen og kyrkja

Imslandssjøen er ei perle som altfor få i kommunen kjenner til. Men diverre byr slike gamle busetnadar på praktiske utfordringar i dagens samfunn. Det er for smal veg til at for eksempel ein brannbil vil kunne komme fram til kyrkja, skulle det vere nødvendig. Og trafikkavviklinga ved arrangement i kyrkja kan tidvis vere utfordrande.

Me ønskjer å spele inn eit forslag om å snu om på trafikken slik at tilkomst til kyrkja blir via Lindvikvegen gjennom hyttefeltet vest for kyrkja. På denne sida er det også mogleg å få til utviding av parkering og av kyrkjegarden. Begge deler er behov som er varsla av Kyrkjevevja.



Kollektivtransport og skuleskyss

Tilbake til punktet om tid. Allereie nå bruker foreldre i Imsland urimeleg mykje tid i bil og med å køyre barn att og fram frå fritidsaktivitetar og besøk. Dette vil berre auke som følge av skulenedlegginga.

I dag er busstilbodet til Imsland svært avgrensa, og i all hovudsak knytt til skuleskyss. Her vil me oppmode kommunen til å sjå på kva moglegheiter den har til å påverke rutetilbodet, og også vurdere andre løysingar.

Kva med ein buss det går an å bestille?

Denne oppmodinga går også til dei som står bak fritidsaktivitetane. Kast gjerne eit blick på bussrutene før ein sett opp oppmøtetidene. Slik støttar me både busstilbodet, miljøet og vår eiga tid.

Til slutt

Me veit at grunngevinga for å legge ned skulen og barnehagen er mangel på driftsmidlar, og at kommunen sitt mål med vedtaket er å spare pengar. Nokre av innspela me kjem med her vil koste pengar, men dei fleste handlar om avgrensa investeringar. Og det i ei bygd med eit næringsliv som sterkt bidreg til dei store utbetalingane som anna kvart år kjem frå Havbruksfondet.

Me håpar og trur at kommunen møter Grendautvalet, Bygdahuset og FAU med intensjon om å finne gode løysingar for skuleungane, oppretthalde gode møteplassar og bidra til ei framleis levande bygd. Og at dei som møter bygda sine representantar til diskusjon rundt bordet, har blikket godt festa på verdiane i samfunnsdelen i kommuneplanen og det politiske verbalvedtaket som vart gjort i budsjettet.

Grendautvalet ønskjer og forventar å få vera ein aktiv deltakar i kommunen sin vidare prosess rundt framtidig bruk av skulebygg og- areal. Me forventar ei utfyllande tilbakemelding på innsendte innspel, og informasjon om korleis kommunen ser for seg å arbeide for at Imsland skal vere ei levande bygd også i framtida.

Til slutt ei oppmoding til våre sambygdingar. Me er så vande med å sette opp i bilen og køyre andre stader, at me kjem ofte ikkje ein gong på å foreslå at møtet eller arrangementet kan haldast i Imsland. Og om ikkje me foreslår det, kven då?

Det er opp til oss å bruke dei møteplassane me har, stille opp der det trengs folk og snakke fram dei godane som heimbygda vår har å by på. Det er opp til oss å halde bygda levande og sørgje for at dei som kjem finn ein stad å høyre til. La oss ta vare på Imsland i lag.